



## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Kristin Handeland		21/133

Saksnr	Utval	Type	Dato
029/21	Formannskapet	PS	13.04.2021
023/21	Kommunestyret	PS	22.04.2021

### Utviding av faste skjenkeløyve gjeve på delegasjon

#### Saksutgreiing:

**Oppsummering:** Rådmannen spør kommunestyret om praksis for utviding av faste løyve er i tråd med kommunestyret sin intensjon i Alkoholpolitisk plan for Fedje kommune.

#### Bakgrunn

Kommunestyret rullerte Alkoholpolitisk plan for Fedje kommune i kommunestyresak 032/20 . I del II i forskrift om sals,-skjenkeløyve og opningstid er fyljande vedteke:

#### « 1. Almindelege skjenkebestemmelser

*Skjenketida for all alkoholhaldig drikk med lågare alkoholinnhald enn 22 volumprosent ( gr I og II) er alle dagar frå kl. 0800 til kl. 0200 – med følgjande unnatak:*

- Søn- og helligdagar startar skjenking frå kl. 1200.
- For alkohol i gr III er skjenking alle dagar kl 1300- kl 02.00

*Utviding av einskildløyve, ambulerande og faste løyve, delegeres til rådmannen.*

*Faste løyve skal ha krav om fast meny eller à la carte meny. Bedrifter som driv med produksjon av alkohol og søkjer skjenkeløyve er friteke for kravet om meny eller à la carte meny. Det er ikkje krav til fast meny eller à la carte meny når ein nyttar ambulerande løyve eller løyve ved enkelthøve...»*

Rådmannen oppfatta ut frå debatten i kommunestyremøtet at kommunestyret meiner at rådmannen skal kunna utvida løyva på delegasjon grunna at ein av og til har fått søknadar om utviding av skjenkeløyva mellom kommunestyremøta. Før rådmannen fekk denne delegasjonen måtte ein anten kalla inn til ekstraordinært kommunestyremøte for å behandle søknaden , eller avslå søknaden grunna manglande delegasjon for utviding av skjenkeløyve. Kommunestyret har i sine vedtak om skjenke- og salsløyve gjeve løyva ut frå maksimal tid ut i frå alkohollova, så hittil har det berre vore søknader om å utvide området for skjenkeløyve.

Rådmannen fekk 13 søknadar om utviding av skjenkeområdet for fast skjenkeløyve i 2020. Desse søknadene vart søkt om det siste halvåret i 2020. I 2021 har rådmannen fått 17 søknadar om utviding av området for faste skjenkeløyve. Søknadsperioden er i heile 2021. Kvar søknad vert handsama for seg, og alle søknadane vert sendt til politiet for uttale før rådmannen behandlar og



# Fedje kommune

fattar vedtak av søknaden.

To av dei datoane det er søkt om er behandla og gjennomført. Me har avventa med å behandle dei resterande søknadane grunna talet som kom inn i søknaden i slutten av januar. Det er ein dato til som er før kommunestyremøte i april, men alt etter april vil ikkje verte behandla før etter kommunestyremøte.

## Vurdering

Ut frå at det fram til 1.mars 2021 er komen inn 17 søknader om utviding av skjenkeløyve, er det grunn til å tru at talet på søknader om utviding av skjenkeløyve kan verta fleire i 2021 .

## Konklusjon

Ut frå mengda på søknader om utviding av skjenkeområde for faste skjenkeløyve har rådmannen behov for å orientera kommunestyret om saka.

## Forslag til vedtak:

Kommunestyret tek saka til orientering.

## Formannskapet - 029/21

### F - behandling:

#### F - vedtak:

Kommunestyret tek saka til orientering.

Samrøystes vedteke.

## Kommunestyret - 023/21

### K - behandling:

#### K - vedtak:

Kommunestyret tek saka til orientering.

Samrøystes.



Fedje kommune